



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

13.10.2021

Vår ref:

2021/5056

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Olav Overvoll, 5557 2315

Solbakken naturminne (Stubgranane) – høyring om oppheving av fredingsvedtak

Statsforvaltaren i Vestland sender på høyring eit framlegg om oppheving av fredingsvedtaket av 12. juni 1936, om freding av Solheim naturminne (Stubgranane) i Strandebarm i Kvam herad.

Brevet blir sendt til eigar av naturminnet, eigarar av nærmeste naboeigedommar, Kvam herad, Vestland fylkeskommune og Universitetsmuseet i Bergen. Høyringa vil òg bli kunngjort i Hordaland Folkeblad, og lagt ut under høyringar på <https://www.statsforvalteren.no/vestland/>.

Freding av enkelttre som naturminne

I perioden 1920 til 1954 vart det frede ei rekke enkelttre eller grupper av tre i Noreg, med heimel i Lov om naturfredning av 25. juli 1910. Trea vart verna som såkalla «naturminne». Vernet hadde både eit naturvitenskapleg og kulturelt formål, og freda førekommstar skulle vere naturdokument eller ha ei spesiell kulturhistorie. I dag er naturvernlova avløyst av naturmangfaldlova, og det er ikkje lenger heimel til vern av enkeltobjekt som naturminne. Dei gamle vernevedtaka gjeld likevel framleis, inntil vernevedtaket blir oppheva.

Styresmakt til å oppheve fredingsvedtak

Det følgjer av naturmangfaldlova § 77 at eldre vernevedtak gjeld inntil Kongen bestemmer anna. Styresmakt til å oppheve vedtak om trefreding er delegert til Miljødirektoratet ved delegeringsvedtak frå Klima- og miljødepartementet av 7. september 2015.

Eventuell oppheving av freding for heile eller delar av naturminnet skjer ved forskriftsendring, og må sendast på høyring, jf. forvaltningslova § 37 andre ledd.

Solbakken naturminne

Solbakken naturminne vart freda 12. juni 1936. Verneføremålet er å ta vare på fire store edelgruner som står i kvart sitt hjørne av ein ca. 10 x 10 meter stor teig i nedre del av Strandadalen i Strandebarm.



Bakgrunnen for fredinga er den spesielle historia til trea, som er knytt til kravet om å eige jord for å få røyste ved Stortingsvalet i 1882. Skøytet på eigedomen blei overdratt til Strandebarm Ungdomslag i 1935 på vilkår om at eigedommen ikkje må byggast ut.

Fakta om Solbakken naturminne finn du i Naturbase: <http://faktaark.naturbase.no/?id=VV00002144>

Bakgrunn for ønske om oppheving av vernevedtaket

Trea har blitt svært store, og eigar av trea, Strandebarm Ungdomslag, ønskjer å felle dei fordi dei gir utfordringar ved skjøtsel og bruk av teigen dei står på. Trea utgjer òg ein fare ved at det ofte fell greiner ned på bygdevegen like ved, og om dei skulle gå over ende, til dømes ved sterkt vind, vil dei kunne gjere stor skade både på den inngjerda teigen og på omgjevnadane. Ungdomslaget ønskjer å halde fram med å skjøtte teigen med tanke på den spesielle historia.

Det har kome inn bekymringsmeldingar frå ein nabo, om fare for skade på bygningar og vegar dersom eit eller fleire av trea skulle gå over ende.

Statsforvaltaren ønskjer oppheving av vernet først og fremst fordi edelgran er ein framand art i Norge. Etter vår vurdering har trea inga naturfagleg interesse. Dei aktuelle trea har vore frøberande i lang tid, og det har kome opp ein god del edelgran i området rundt. Vi vurderer det òg som meir tenleg å felle trea kontrollert, enn å rydde opp etter rotvelt når trea ein gong går over ende av seg sjølv.

Frist for å gi uttale er 15. desember 2021

Alle som ønskjer det kan kome med uttale til framleggsmeldinga om oppheving av vernevedtaket. Vi ber om at uttale anten blir sendt med brev til Statsforvaltaren i Vestland, miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller med e-post til sfylpost@statsforvalteren.no innan 15. desember.

Vidare saksgang

Etter vurdering av innkomne høyringssvar, vil Statsforvaltaren gi si tilråding til Miljødirektoratet, som gjer endeleg vedtak i saka. Miljødirektoratet har jf. delegeringsvedtak frå Klima- og miljødepartementet 07.09.2015, styresmakt til å oppheve vedtak om freding av tre.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

**Mottakarliste:**

Universitetsmuseet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Lars Håbrekke	Trengereidsvingane 36	5263	TRENGEREID
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Norges Miljøvernforbund	Skuteviksbodene 24	5035	BERGEN
Strandebarm Ungdomslag	c/o Kjell Ove Tolo Tangeråslia 4	5630	STRANDEBARM
Siv Håbrekke	Strandadalsvegen 45	5630	STRANDEBARM
Helge Eide	Linneaveien 46	3050	MJØNDALEN
Naturvernforbundet Hordaland	Bredsgården 1E	5003	BERGEN
Vestland Botaniske Forening	Allégaten 41	5007	BERGEN